

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JULI/ AUGUST 2005.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00

Møtested: Klubhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset

Visepres.: Hans Gisle Holstad

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Ingar Bigset

Styremedlem: Aage Nytun

Styremedlem: Johan Ole Brandal

Leiar ungdoms

utveksling: John Stennes

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Odd Arne Holstad

Håvard Myrene

Fødselsdager i juli/ august:

Otto Holstad 13.07

Magnar Hatlø 30.07

Eldar Holm 31.07

Einar Holm 12.08

Odd Arne Holstad 13.08

Håkon Brekke 27.08

## 100% frammøte juni 2005:

juli:

Halkjell Dahle Jarle Klungsøy

Gunnar Riise Trygve Riise

aug.:

Arve R. Røyset John Stennes

Frammøte

juli: 38,6%

august 59,4%

## EIN HAVMÅSE

Ein havmåse  
var du, og at du  
skulde enda slik!  
Dei andre lettar i stormen,  
du stend att på eit skjer og skrik,

## SELJEFLOYTA

Eg fann ein seljerunne  
ein dag eg hogg ned mork,  
og skar ei vakker fløyte  
av grøn og savgul bork.  
Det var so fin ein vårdag,  
eg minnest enno godt  
eg sette meg i urdi  
og bles ein liten slått.

*Olav H. Hauge*

## ***Månadsbrev i Hareid Rotaryklubb -juli 2005***

*Referent: Odd Arne Holstad*

### **Møte 4. juli**

Dette første møtet i det nye rotaryåret var via komitearbeid. Presidenten gjekk gjennom samansetninga av dei ulike komiteane før dei tilstadeverande leiarane samla sine medlemar til gruppearbeid.

Presidenten ynskte å få inn komiteane sine syftemål til møtet 22 august.

### **Møte 11. 18. og 25. juli**

Desse møta i feriemånaden juli, var som vanleg utan fast program.

## ***Månadsbrev i Hareid Rotaryklubb - august 2005***

*Referent: Håvard Myrene*

### **Møte 01. august**

Møte vart opna og leia av President Arve. Det vart mint om at på neste møte var det dugnad på Rotary-stien.

Klubben er i feriemodus med ein noe avslappa stemning blant dei frammøtte.

På programmet stod det reiseopplevelingar, men ingen melde seg på talarlista .

Dermed gjekk praten om laust og fast rundt borda, til presidenten klubba av møtet kl. 19.00

### **Møte 08. august**

På programmet stod det dugnad på Rotary-stien, men grunna feriestemning, med relativt beskjedent frammøte på forrige mandag, var det mange som ikkje hadde fått med seg dette, og møtte på klubhuset til vanleg tid iført innandørs klede.

Men dei som møtte på dugnad hadde utrusta seg med eigna utstyr og gjorde ein drabelig innsats.

Dugnaden er planlagt og tilrettelagt av samfunnskomiteen med Johs Hareide i spissen, og koordinert i samråd med president og styre for å få maksimal effekt.

Dette fungerer utmerka, for på oppsummeringa etterpå vart det anslått at ca. ein fjerdepart av Rotary sitt dugnads bidrag var utført.

### **Møte 15. august**

Ferietida for dei fleste er no over, og det ga seg utslag i rimelig godt frammøte.

Presidenten opna møtet og songleiaren stemde i med "Ditt sinn monne flyve".

Etter ei kort oppsummering av dugnaden forrige mandag, minnte presidenten komiteformennene om innlevering og presentasjon av årsplanar på neste mandag.

Dagens program var beretning frå "Båttur frå Stockholm til Ålesund" ved presidenten.

Arve, som pensjonert maskinsjef, vart hyrt inn som maskinteknisk sakkyndig av John Myklebust, som hadde kjøpt seg ein brukta båt med den svenske sjøredningstenesten.

Båten var bygd for operasjon i Østersjøen og er såleis is forsterka. Båten er ei praktskute på 88 BRT, 22m lang, 6m brei og har ei djupne gang på 3m.

Prisen for "herligheita" som heiter "MY Østergarden" er 2,5 millionar norske kroner, og planen er at den skal brukast som exclusiv Cruise båt for rike (viderekomne) turister på Svalbard.

Med på turen var dei 5 personar, og skipper var Arne Hareid. Arve var svært skeptisk til den påmønstra kokken, som i utgangspunktet var revisor, og aldri hadde vore på sjøen. Men han gjorde all tvil til skamme og serverte dei lekraste rettar med eksotiske namn same kor mykje det slingra.

Seglingstida frå Vaxholm i Stockholms skjergard, til Ålesund vart 5,5 døgn. Frå Øresund til Haugesund var det saman-hengande motsjø og kuling, og båten viste seg å vere ei skikkelig "slengrebrye" av ein båt, som hoppa og spratt i alle retningar, og var meir under vatn eller over.

På turen var dei innom Danmark og bunkra både diesel og proviant, og etter eitt og eit halvt døgn i sjøen, var Skagerak kryssa, og dei fekk Lindesnes fyr i sikte. Det tekniske fungerte utmerka, så dei nådde Haugesund utan problem. Her tok dei om bord ein gammal kjenning av Arve som vart med til Hareid. Turen vidare nordover kysten gjekk fint, og dei kryssa Stadt i roleg ver etter at dei hadde fått om bord ferske aviser i Måløy.

Båten er no i Ålesund , og førebuing til resertifisering av Skipskontrollen er i full gang. Kanskje vil det passe med ein hausstur /krabbefest på sjøen for Rotary før båten går vidare til Svalbard? Noko å tenke på for programkomiteen og festkomiteen.

### **Møte 22. august**

Presidenten opna møtet, og etter generell informasjon frå presidenten, var det klart for dagens program som var presentasjon av rotaryåret sine syftemål ( årsplanar).

Komitéledarane presenterte i tur og orden sine planar, og i tråd med god tradisjon i Hareid Rotaryklubb, ber desse bod om at også dette rotaryåret vil bli eit interessant og aktivt år.

### **Møte 29. august**

Møtet vart opna av presidenten. Etter ein kort informasjon om rotarystoff, innleia presidenten til diskusjon om å auke antal medlemma, fortrinnsvis kvinner. Han oppmoda medlemmene til å komme med forslag på mulige medlemmer, for behandling i klassifikasjonskomite og styre. Elles var møtet programfritt , så "drøsen" gjekk livleg rundt borda resten av møtet.